

Snøfyrverkeri

Du treng:

- Meir enn 10 minusgrader ute
- Kokande vatn
- Ein kopp
- Ein vaksen



1. Sjekk at gradestokken viser minus 10 grader eller meir.
2. Få hjelp av ein vaksen til å koke opp masse vatn, gjerne eit par liter.

3. Finn ein kopp med hank som ikkje blir så veldig varm.
4. Ta på sko og ytterklede, ta gryta med vatn ut på trappa.
5. Fyll koppen med kokande vatn og gå ut.

6. Kast alt vatnet ut i lufta.

Kva skjer?

Dess kaldare det er, dess meir ser det ut som eit fyrverkeri. Vatnet dett deretter ned som snø.

Fantastisk fysikkmagi!

